



Statens vegvesen

Hordaland fylkeskommune –
Samferdselsavdelinga
Postboks 7900
5020 BERGEN

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Guri Finne Sognnæs / 56520284

Vår referanse:
17/57856-11

Dykkar referanse:

Vår dato:
16.02.2018

Fylkesveg 48 – Omklassifisering av Lundssvingane i Kvinnherad kommune

I samband med bygging av ny delstrekning (av fv. 48) på Lundsneset i Kvinnherad kommune, vil eksisterande vegtrase bli erstatta av ein ny vegparsell og eksisterande veg vil få endra sin funksjon.

Statens vegvesen legg difor fram eit forslag til omklassifisering av eksisterande vegstrekning på Lundsneset.

Skildring av vegstrekninga

Eksisterande vegtrase går i det området som på folkemunne vert kalla Lundssvingane, hp 11 km 0,411– 0,824. Vegen er synt med raud strek i figur 1.

Fv. 48 er hovudvegen mellom Rosendal og Husnes. Eksisterande vegtrase ved Lundssvingane har ein ÅDT på 2700 der større køyretøy utgjør 8 %. Fartsgrensa er 60 km/t, men vegen sin kurvatur og siktforhold tilsvara ein hastigheit på 30–40 km/t.

Vegbreidda er 7 m, men det er ikkje tilrettelagt for gåande og syklende. Mjuke trafikantar tar difor vegarealet i bruk, som har ført til ein uheldig trafikksituasjon.

På Lundsneset er det i dag bustader, fritidsbustader og naust. Eksisterande vegtrase gjev tilkomst til desse.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Flyplassvegen
5705 VOSS

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø




Figur 1: Blå strek = ny vegstrekning, raud strek = eksisterande vegstrekning

Ny funksjon

Ny vegtrase vil gå i rett bane over Lundsneset, som gjev betre kurvatur og siktforhold for trafikantar. Køyrebreidda vert 8 m. Det vert etablert 3 m brei gang- og sykkelveg langs vegtraseen.

Kvinnherad kommune er byggherre på den nye vegstrekninga, som etter planen skal ferdigstillast ved starten av 2018.

Ved opning av ny vegtrase skal eksisterande vegtrase, Lundssvingane, stengjast i nord (sjå figur 2) og det skal etablerast nytt kryss mot fv. 48 i sør. Vegen vil fungera som adkomsten til bustader, fritidsbustader og naust. Langs vegen vert det tilrettelagt med parkeringsplassar.



Figur 2: Eksisterande vegtrase skal stengast der den møter ny vegtrase i nordaust. Synt med raudt kryss i figuren.

Basert på skildringa over vil vegen miste sin funksjon som hovudveg og går over til å verta ein lokal adkomstveg.

Omklassifisering

Basert på at eksisterande vegtrase vil få endra sin funksjon, er det naturleg at eksisterande vegtrase, hp 11 m 429–807, av fv. 48 vert omklassifisert til kommunal veg.

I gjennomføringsavtale mellom Kvinnherad kommune og Statens vegvesen (datert 27.02.2017, vår ref. 17/15392), er det avtalt at Kvinnherad kommune skal overta eksisterande vegtrase, når den nye vegstrekninga er ferdigstilt. Kvinnherad kommune skal dekkje kostnadane i samband med omklassifiseringa.

08.06.2017 vart det halde felles synfaring for Statens vegvesen og Kvinnherad kommune, med gjennomgang av vegstrekninga. Fokuset var på tekniske krav til vegstrekninga ved omklassifisering frå fylkesveg til kommunal veg, etter NA-rundskriv nr. 97/13.

Det vart avtalt at før vegstrekninga vert overlevert til kommunen, skal Statens vegvesen sørge for at grøfter og stikkrenner vert reinska og kummar tømmast. Dette er tiltak som kjem inn under driftskontrakten.

Uttale frå Kvinnherad kommune

Forslaget til omklassifisering av Lundssvingane vart sendt på høyring til Kvinnherad kommune 06.12.2017. I brev datert 26.01.2018 uttrykker kommunen at dei ikkje har innvendingar mot at vegen vert omklassifisert til kommunal veg. I brevet ber dei om

fylgjande: «*formell omklassifisering av dagens fylkesveg 48 hp 11 km 0,411– 0,824 gjennom Lundsneset til kommunal veg vert gjort gjeldande frå den dag anlegget med ny fylkesveg og gang/sykkelveg vert formelt overlevert Hordaland fylkeskommune*».

Vår tilråding

I samsvar med veglova § 7 første ledd er det Hordaland fylkeskommune som gjev endeleg vedtak om omklassifisering / nedklassifisering av fylkesveg. Kvinnherad kommune har fått høve til å uttale seg i saka før vedtak.

Statens vegvesen tilrår at vegstrekninga hp 11 km 0,411–0,824 vert omklassifisert til kommunal veg.

Vegen får endra sin funksjon frå hovudveg til adkomstveg og vert avstengt for gjennomkøyring. Omklassifiseringa vil også vera i tråd med gjennomføringsavtalen datert 27.02.2017.

Vedtaket om omklassifisering vil vera gyldig frå det tidspunktet anlegget med ny fylkesveg og gang/sykkelveg vert formelt overlevert Hordaland fylkeskommune.

Plan og forvaltning Voss og Hardanger
Med helsing

Carl-Erik Nielsen
Seksjonssjef

Guri Finne Sognnæs

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.